



TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
*Administrasjonen*

Kommunal- og regionaldepartementet  
v/ avdelingsdirektør Helga Hjorth,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 OSLO

*Ref.*

*Vår ref.* 07/4941-9  
200 /WILT

*Dato* 13.02.2009

**HØRINGSUTTALELSE**

Vedlagt oversendes Telemark fylkeskommunes høringsuttalelse vedrørende Departementets høringsbrev med forslag til endringer i kommuneloven av 5/11 2008 (krav til kjønnsmessig balansert sammensetning av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskaper).

Med vennlig hilsen

  
Tore Willumsen

Adv.

rådgiver - Staben

tore.willumsen@t-fk.no



**Sak nr. 7/09**

**HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I KOMMUNELOVEN - KRAV  
TIL KJØNNS- MESSIG BALANSERT SAMMENSETNING AV STYRET I  
KOMMUNALT KONTROLLERTE AKSJESELSKAP**

Arkivsaksnr.: 08/5469  
Arkivkode: 020  
Møtedato: 11.02.2009  
Saksbehandler: Tore Willumsen  
Saksordfører: \*  
Behandling i:  
7/09 Fylkesutvalet

**Fylkesutvalet i møte den 11.02.2009 sak nr. 7/09:**

**Vedtak i Fylkesutvalet**

*Telemark fylkeskommune er samd i dei framlegg til endringar i kommunelova som er tekne inn i Kommunal- og Regionaldepartementets høyringsbrev dagsett 05.11.2008.  
Telemark fylkeskommune meiner krava til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret også skal gjelde for aksjeselskap kor kommunane eig minst 2/3 av aksjane.*

**Behandlinga i Fylkesutvalet**

Fylkesrådmannens forslag blei vedteke med 9 mot 2 røyster.

**Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen:**

*Telemark fylkeskommune er samd i dei framlegg til endringar i kommunelova som er tekne inn i Kommunal- og Regionaldepartementets høyringsbrev dagsett 05.11.2008.  
Telemark fylkeskommune meiner krava til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret også skal gjelde for aksjeselskap kor kommunane eig minst 2/3 av aksjane.*

**Problemstillinga i få ord:**

I høyringsbrev dagsett 05.11.2008 føreslår Kommunal- og Regionaldepartementet at det skal fastsetjast i lov at styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap skal ha ei kjønnsbalansert samansetjing.

Høyringsbrevet inneheld i tillegg forslag til endringar av ordlyden i kommunelova sine bestemmelser om kjønnsbalanse i folkevalde organ. Dette gjerast for å tilpasse og harmonisere kommunelova sin ordlyd til anna regelverk om kjønnsbalanse.

Høyringsfrist er sett til 03.02.2009.

## Saksopplysningar:

### I. Krav til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap.

Ved lov av 19. desember 2003 nr. 120 vart det innført krav til kjønnsbalansen i styra i alle allmennaksjeselskap, statsføretak, statsaksjeselskap og ulike statlege særlovselskap. Lova omfatta ikkje aksjeselskap, heller ikkje kommunalt eigde aksjeselskap. For kommunalt eigde aksjeselskap gjeld *i ei viss utstrekning* krav til kjønnsbalanse i styra etter kommunelova §§ 36-37 og 38a og likestillingslova § 21, jfr. seinare. Forslaga i høyringsnotatet inneber at det for alle aksjeselskap, uavhengig av kva slags verksemd dei måtte drive, skal gjelde krav om kjønnsbalanse i styret.

I dag er soleis styra i fylgjande verksemdar underlagt reglar om kjønnsbalanse:

- Styre oppnemnd av offentleg organ, jf. likestillingslova § 21
- Statsføretak, jf. statsføretakslova § 19
- Statsaksjeselskap, jf. aksjelova § 20-6
- Helseføretak, jf. helseføretakslova § 21
- Interkommunale selskap, jf. lov om interkommunale føretak § 10
- Innovasjon Noreg, jf. lov om Innovasjon Noreg § 14
- Vinmonopolet, jf. vinmonopollova § 5
- Norsk Tipping, jf. pengespillova § 6
- Allmennaksjeselskap, jf. allmennaksjelova § 6-11a
- Statsallmennaksjeselskap, jf. allmennaksjelova § 20-6
- Stiftingar, når staten, ein fylkeskommune eller ein kommune nemner opp medlemmer av styret, jf. stiftingslova § 27a
- Samvirkeføretak, jf. samvirkelova § 69.

Det gjeld ikkje tilsvarande reglar for privat eigde aksjeselskap. Bakgrunnen for at det ikkje vart føreslått tilsvarande reglar for aksjeselskapa, vert beskrive slik i Ot. prp. nr. 97 (2002-2003) i punkt 6.1.1:

*"Når reglene ble foreslått gjort gjeldende for allmennaksjeselskaper, men ikke for aksjeselskaper med private eiere, begrunnet høringsbrevet dette med at aksjeselskapene gjerne er små private foretak hvor ledelsen av selskapet har et personlig preg, typisk et familieselskap, hvor selskapets eiere er fysiske personer som selv sitter i styret.*

*Departementet mente at hensynet til den direkte eierrepresentasjon som er vanlig i disse selskapene, tilsa at aksjeselskapene ble holdt utenfor ordningen. En undersøkelse foretatt av NHO i november 2000 viste at av de til sammen 148.591 aksjeselskapene i Noreg, hadde 83 % under 10 ansatte, og ca. fjerdedelen av selskapene var familieselskaper."*

Det vart heller ikkje føreslått at reglar om kjønnsrepresentasjon skulle gjerast gjeldande for aksjeselskap som *delvis* er eigd av det offentlege. Høyringsbrevet uttalte om dette:

*"Det foreslås heller ikke særregler for styrene i aksjeselskaper som bare delvis er eid av det offentlige. Dette ville bety at de andre eierne i slike aksjeselskaper ville få andre rammevilkår enn man ville hatt dersom det offentlige ikke var en betydelig medeier, og en slik forskjellsbehandling anses lite hensiktsmessig."*

Heller ikkje når det galdt aksjeselskap eigd fullt ut av kommunane, fann Departementet å ville innføre særskilde reglar om kjønnsmessig balanse i styret:

*"Departementets forslag omfatter ikke kommunalt eide aksjeselskaper. Dette var heller ikke foreslått i høringsbrevet. Etter aksjelovens system gjelder det i kapittel 20 særregler for selskaper som er heleid av staten. Tilsvarende særregler finnes imidlertid ikke for kommunalt*

*eide aksjeselskaper og allmennaksjeselskaper. Departementet ser det som naturlig å videreføre dette systemet. Spørsmålet om i hvilken grad det gjelder regler om kjønnsrepresentasjon for styret i kommunalt eide aksjeselskaper, må derfor fortsatt vurderes ut fra en tolkning av likestillingslovens og kommunelovens regler."*

Problemet er at korkje kommunelova eller likestillingslova har klåre reguleringar om kjønnsrepresentasjon ved oppnemning av styre i kommunalt eigde aksjeselskap. Kommunelova sine reglar om kjønnsrepresentasjon gjeld ikkje direkte for val av styre i kommunalt eigde aksjeselskap. Justisdepartementet si lovavdeling har i sitt brev av 3. september 1998 til KRD imidlertid konkludert med at *"i kommunale aksjeselskap bør utgangspunktet være at prinsippene om kjønnsrepresentasjon i kommuneloven...anvendes analogisk på styret i aksjeselskaper i den utstrekning dette følger av retningslinjene ovenfor."* Likestillingslova fastset krav til kjønnsrepresentasjon i § 21, men denne regelen gjeld i utgangspunktet berre offentlege utval, det vil seie utval som er valde eller oppnemnde av eit offentlig organ. Det framgår av førearbeida at bestemmelsen og gjeld ved val eller oppnemning av medlemmer til visse ikkje-offentlege organ m.v. I desse tilfella gjeld reglane berre for dei representantane det offentlege har oppnemnd eller valt. Anvendelsesområdet for likestillingslova § 21 er soleis avgrensa. Justisdepartementet si lovavdeling har i brev av 3. september 1998 til KRD føreteke ei vurdering av bruken av likestillingslova § 21 på statlege nemnder og ikkje-offentlege utval mv, herunder selskapsorgan. I brevet konkluderer Lovavdelinga fylgjande på spørsmålet om likestillingslova § 21 kjem til anvendelse på val av styre i aksjeselskap:

*"Under tvil er Lovavdelingen etter en samlet vurdering kommet til at likestillingslovens § 21 i prinsippet kan komme til anvendelse på representantene til styret i et helt eller i det vesentlige offentlig eid aksjeselskap. Det må etter vårt syn være et vilkår at selskapet i det alt vesentlige driver mer **tradisjonell forvaltningsvirksomhet**, uten å være utsatt for konkurranse fra private aktører. Anvendelse av reglene vil derfor først og fremst være aktuelt for selskaper som har en rettslig eller faktisk monopolstilling. For øvrig vil spørsmålet bero på en helhetsvurdering, der det i tillegg må legges vekt på bl a bakgrunnen for opprettelse av selskapet og graden av økonomisk og administrativ tilknytning til det offentlige, se nærmere offentlighetsmeldingen s 41."*

Departementet finn ikkje rettstilstanden på dette området tilfredsstillande, og føreslår difor ein ny bestemmelse i kommunelova § 80a med krav til kjønnsbalanse i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Bestemmelsen vil omfatte alle slike selskap, uten hensyn til kva slags verksemd som vert driven. I § 80b vert føreslått ein bestemmelse om handheving av kjønnsrepresentasjonsregelen. Denne viser til tilsvarande reglar i aksjelovane.

Bakgrunnen for forslaget er at Departementet meiner det offentlege, herunder og kommunane, bør gå føre som eit godt døme når det gjeld kjønnsbalansen i styra. Det visast til, at det er gode røymsler med effekten av eit lovsett krav til kjønnsbalanse i dei statleg eigde selskapa og allmennaksjeselskapa etter lovendringa i 2003. I dag oppfyller 100 % av allmennaksjeselskapa kravet til kjønnsbalanse. Pr. 1. juli 2008 var 40,1 % av styremedlemmene i desse selskapa kvinner. Til samanlikning var dette talet i 2003 berre 7 %. Departementet meiner det er grunn til å tru at ein ikkje hadde oppnådd ei slik signifikant auke utan bruk av lovfesting som verkemiddel.

Departementet meiner det er gode grunnar til at det ikkje skal oppstillast noko krav om kjønnsbalanse i styra i dei fullt ut *privat eigde* aksjeselskapa. Departementet viser her til drøftingane av spørsmålet i Ot. prp. nr. 97 (2002-2003) gjengjeve ovafor, der det går fram at bakgrunnen for at dei private aksjeselskapa ikkje er omfatta av reglane, fyrst og framst var det forhold at dei fleste aksjeselskapa er små, private føretak kor leiinga av selskapet har eit

personleg preg, typisk eit familieselskap, kor selskapet sine eigarar er fysiske personar som sjølv sit i styret. **Denne grunngevinga slår etter Departementet sitt syn ikkje til for aksjeselskap som er eigd av kommunar.** Andelen kvinner i kommunalt eigde aksjeselskap er i dag rundt 30 %, noko Departementet meiner ikkje er godt nok. Eit lovkrav er etter Departementet sitt syn naudsynt for å oppnå og sikre den ynskja kjønnsbalansen.

Departementet viser til at ein ved ei slik ordning vil få ein forskjellsbehandling av privat eigde og kommunalt eigde aksjeselskap, og viser i den samanheng til at ein i norsk rett generelt har søkt å unngå å oppstille egne reglar i aksjelova som gjeld enkelte selskap med særlege eigarar, til dømes kommunalt eigde aksjeselskap. Å oppstille særlege reglar om kjønnsbalanse i styret til kommunalt eigde aksjeselskap er ikkje i tråd med desse tidlegare vurderingane. Etter Departementet sitt syn er imidlertid omsynet til kjønnsbalanse i styret så viktig, at det likevel kan tilseie at det vert gitt særlege reglar for styra i dei kommunalt eigde selskapa.

Departementet meiner at reglane skal gjelde for *alle* kommunalt eigde selskap (selskap som er fullt ut eigd av ein eller fleire kommunar), utan omsyn til om dei driver verksemd av meir forvaltningsmessig art, eller om det driv verksemd i ein marknad i konkurranse med privat eigde selskap. *"Departementet mener at det i dag ikke er noe saklig grunnlag for å anse krav til kjønnsbalanse i styrende organer som en konkurransemessig ulempe"* (Høringsnotatet s. 26).

Etter Departementet sitt syn, er det eit tilleggsmoment at det må anses som lite hensiktsmessig lovgjeving på dette området at verkeområdet for regelen skal vere knytta til ei skjønsmessig vurdering av i kor stor grad verksemda er konkurranseutsett, slik situasjonen er etter gjeldande rett. Ein klårare regel, etter mønster frå allmennaksjelova, vil difor innebere ei vesentleg klargjøring av rettstilstanden.

Eit anna spørsmål er om også selskap som *ikkje er 100 % kommunalt eigde*, bør vere omfatta av reglane. Etter aksjelova § 20-6, er berre statsaksjeselskap som er 100 % eigd av staten, omfatta av regelen der. Bakgrunnen for denne reguleringa var at ei anna ordning ville betydd at dei private medeigarane ville få andre rammevilkår enn eigarar i aksjeselskap der det offentlege ikkje er medeigar, og at ei slik forskjellsbehandling vart sett på som lite hensiktsmessig.

Departementet anfører i denne samanhengen:

*"Departementet ser at det kan argumenteres mot at private medeiere får andre rammevilkår i slike selskaper. Det er imidlertid ikke uvanlig at det stilles krav til private som samarbeider med det offentlige. I så måte fremstår det ikke som et urimelig krav at private som eier aksjeselskap sammen med en kommune, må forholde seg til at det vil gjelde særlige regler for kjønnsrepresentasjon i selskapets styre. Det er dessuten slik at en eier som har 2/3 av aksjene, vil ha tilnærmet full kontroll over selskapet. Vedtektsendringer og visse andre viktige beslutninger krever etter aksjeloven 2/3 flertall. Departementet mener at dette kan tale for å knytte kravet til kjønnsrepresentasjon i kommuneloven til denne grensen.*

.....  
*Departementet ser at det kan argumenteres både for å la kravene til kjønsmessig balansert sammensetning av styret bare gjelde for aksjeselskaper som er heleid av kommuner, og for at kravene også skal gjelde for aksjeselskaper hvor kommunene eier minst 2/3 av aksjene.*

***Departementet ønsker foreløpig ikke å konkludere på dette spørsmålet. Vi oppfordrer derfor høringsinstansene til spesielt å uttale seg om dette spørsmålet."***

Departementet føreslår elles at overgangsreglane skal vere dei same som vart gjort gjeldande for dei offentleg eigde selskapa etter Ot. prp. nr. 97 (2002-2003). For selskap som vert registrerte etter at reglane er trådt i kraft, må soleis krava til kjønnsrepresentasjon vere oppfylte frå registreringa. For allerede registrerte selskap vert det gjeve ein overgangsperiode på to år frå ikrafttredelsen av dei nye reglane før selskapet må oppfylle dei nye krava til

kjønnsrepresentasjon i styret.

## II. Ny utforming av kommunelova sine reglar om kjønnsrepresentasjon – harmonisering til øvrig regelverk.

Kommunelova inneheld som nemnt reglar om kjønnsbalanse i folkevalde organ (§§ 36-37 og 38a). Også likestillingslova, lov om interkommunale selskap samt ei rekkje andre lovar inneheld krav til representasjon av begge kjønn. Reglane i kommunelova er imidlertid noko annleis utforma enn reglane i det øvrige regelverket, som alle saman er like.

Etter Departementet sitt syn bør reglane om kjønnsrepresentasjon i kommunelova utformast på same måte som det øvrige regelverket på dette området. Departementet ser det som hensiktsmessig at reglane som gjeld på området for kjønnsrepresentasjon er mest mogeleg like. Departementet føreslår difor å endre utforminga av reglane om representasjon av begge kjønn i kommunelova §§ 36-37 og 38a, etter mønster av korleis dette regelverket er utforma i likestillingslova § 21. Endringa vil i praksis ikkje ha nokon betydning for forståinga og praktiseringa av dette regelverket.

### **Vurdering frå fylkesrådmannen:**

Fylkesrådmannen sluttar seg i hovudsak til dei vurderingane og framlegga til endringar i kommunelova som er gjort i Kommunal- og Regionaldepartementet sitt høyringsbrev dagsett 05.11.2008. Fylkesrådmannen finn det hensiktsmessig og tenleg at det vert stilt krav til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret også i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå nokon avgjerande innvending mot å la krava til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret også gjelde for aksjeselskap der kommunane eig minst 2/3 av aksjane, og gjer framlegg til vedtak i samsvar med dette.

*Vedlegg: Lovforslag.*